



Ny organist er Eva Györgyi Mygyesi

Det dårlege veret var ikkje til hindring for ei mest fullsett kyrkje i Uskedalen i ettermiddag. Julegudstenesta må seiast å vera ei familiegudsteneste med kjende julesongar og mange born samla saman med foreldra sine.

Sokneprest Kristian Due si preike på juleafta var ei barneforteljing han sjølv har skrive.

Guten Mats spør faren mange spørsmål.
Svara frå faren kan vi samla i bodskapen om kor høg
og stor Gud var og kor liten han vart som let Jesus
bli fødd som menneska sin frelsar.

Kristian Due fortel til uskedalen.no at forteljing
hans er ei preike. På ei gudsteneste, der mange born er samla,
er dette ein god måte å formidla julebodskapet på.

Den nye organisten Eva Gyørgyi Mygyesi som er frå Romania og
som bur i Odda let oss få høyra nye koralar, spelt med friske
rytmar og eit lett og fint tempo.

Vi gler oss til å få høyra meir frå henne,
 gjerne i ein eigen orgelkonsert i Uskedalen.

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal



Sokneprest Kristian Due heldt julekveldspreika